



Hordaland Teater LL
Teatergaten 35
5010 BERGEN

Dato: 27.06.2017
Vår ref.: 2016/9439-14
Dykkar ref.:

Partsbrev - Selskapskontroll av Hordaland Teater - Revisjonsrapport

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 35/17 Selskapskontroll av Hordaland Teater i møte 13.06.2017:

«På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syte for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
 - økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Vedlagt følgjer fullstendig partsbrev,

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Arkivnr: 2016/9439-11
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	43/17	08.05.2017
Fylkestinget	35/17	13.06.2017

Selskapskontroll av Hordaland Teater - Revisjonsrapport

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet bestilte 08.09.2016 selskapskontroll av Hordaland Teater LL der det av den godkjende prosjektplanen går fram at føremålet med selskapskontrollen er:

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hordaland teater LL. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt har etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande overordna problemstillingar:

«Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:

1. kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt egne vedtak og rutinar?
 - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b. Korleis har Hordaland fylkeskommune følgd opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?

Problemstillingar knytt til drifta

2. *I kva grad driv Hordaland teater si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?*
3. *I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at aksjelova sine krav til god selskapsleiing blir etterlevd?*
4. *I kva grad har selskapet etablert føremålstenleg organisering og god internkontroll som omfattar:*
 - a. *Kontrollmiljø (organisering, leiarmodell, ansvarsdeling, samhandling)*
 - b. *Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreduserande tiltak)*
 - c. *Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)*
 - d. *Kommunikasjon og informasjon i verksemda*
 - e. *Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)*

Problemstillingar knytt til tilskot

5. *Kva krav har fylkeskommune sett ved tildeling av tilskot til selskapet?*
6. *I kva grad følgje fylkeskommunen opp at tilskot blir forvalta i samsvar med krav og føringar?*
7. *I kva grad blir tilskot nytta i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine føringar og krav til resultat?»*

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig selskapskontroll av Hordaland Teater LL, revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten har vore send til uttale hjå Fylkesrådmannen og Hordaland Teater LL. Uttalane går fram av vedlegg 1 og 2 i rapporten.

Deloitte har i denne selskapskontrollen nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Sekretariatet har merka seg at Deloitte m.a. konkluderer slik i punkt 8 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:

«Hordaland fylkeskommune har dei siste åra arbeidd med å utvikle rutinar for eigarskapsoppfølging og har etablert fleire føremålstenlege rutinar og strukturar for å legge til rette for ei god og differensiert oppfølging av eigarskapsporteføljen. Revisjonen meiner samstundes at fylkeskommunen på nokre område bør sette i verk tiltak for å etterleve eigne rutinar.»

Det går vidare fram av punkt 8 i rapporten at Deloitte tilrår at **Hordaland fylkeskommune** set i verk følgjande tiltak:

- *Sikrar etterleving av vedtak og retningsliner for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.*
- *Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.*
- *Sikrar at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.*

- *Etablerer rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.*

Deretter går det fram av punkt 8 i rapporten at Deloitte tilrår at **Hordaland Teater LL** sett i verk følgjande tiltak:

- *Gjennomgår styrande dokument og instruksar og sikrar at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.*
- *Sikrar etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.*
- *Etablerer rutinar for risikovurderingar og gjennomfører ei risikokartlegging av verksemda.*
- *Gjennomgår behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:*
 - *Økonomi*
 - *offentlege anskaffingar*
 - *personalområde*
 - *handsaming av avvik*

Konklusjon:

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Det vil vera naturleg at Hordaland fylkeskommune som eigar i selskapet får ansvar for å sette i verk naudsynete tiltak i høve tilrådingane som gjeld fylkeskommunen. Vidare vil det vera naturleg at styret i Hordaland Teater AS får ansvar for å sette i verk naudsynete tiltak i høve tilrådingane som gjeld internt i selskapet.

På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at fylkestinget ber fylkesrådmannen og styret i Hordaland Teater LL om å syta for å laga ein prioritert handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningsliner for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Etablere rutinar for risikovurderingar og gjennomfører ei risikokartlegging av verksemda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
 - Økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.05.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Merete Larsen presenterte resultatet av den gjennomførte selskapskontrollen av Hordaland Teater LL og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningslinjer for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgd opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Etablere rutinar for risikovurderingar og gjennomfører ei risikokartlegging av verksemda.

4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
 - Økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.06.2017

Geir Kjell Andersland (V) og Astrid Aarhus Byrknes (KrF) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er varamedlemmer i styret for Hordaland Teater og har møtt i styret. Natalie Golis (MDG) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem.

Andersland, Byrknes og Golis gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Geir Kjell Andersland, Astrid Aarhus Byrknes og Natalie Golis var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Geir Kjell Andersland, Astrid Aarhus Byrknes og Natalie Golis gjekk frå under behandlinga av saka.

Elizabeth Toft Erichsen møtte for Geir Kjell Andersland.

Beate Husa (KrF) sette fram slikt forslag:

«Bytte ut punkt 3 under det som styret skal syte for med følgjande:

Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt oversendingsforslag til eigarskapsgruppa:

«Fylkestinget ber om at det blir lagt fram sak som vurderer behovet for valnemnd i samband med oppnemning av styret til dei kulturinstitusjonane der HFK er deleigar.»

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga (fylkesrådmannen) punkt 1-5 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga (styret ved Hordaland Teater) punkt 1, 2, 4 og 5 vart samrøystes vedteken.

Husa sitt forslag punkt 3 (styret ved Hordaland Teater) vart vedteke mot 19 røyster (H, Frp) for innstillinga.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og vart difor ikkje oversendt.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syte for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningsliner for val av styremedlemmar, og kriterier som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.

2. Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syte for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
 - økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Selskapskontroll Hordaland Teater - Endelig rapport